

# Hardangerjol 2011

61 utg.



Avlsgarden, Baroniet i Rosendal.  
Foto: Kåre Eik.

Kr. 75,-



# Ungdomshuset Helgheim i Uskedalen

Av Kristian Olav Bringedal

## Innleiing

Uskedal Ungdomslag vart skipa hausten 1888. Drivkrefte var Knut Haraldsen, Bertel P. Myklebust og Sivert Kjærland. 1880-åra var ei vokstertid for nye lag og organisasjoner. Målag, ungdomslag, skyttarlag, fråhaldslag og venstrelag var alle ein del av ei brei nasjonal reising. I politikken var det norsk sjølvheving mot storesvensken og den danske målunionen. Det var folkevilje mot kongemakt, demokrati mot embetsmannsvelde. I åndslivet var

det individuelle fridomen det stod om, retten til å rå over seg sjølv og retten til fri tanke, ubunden av dogme og doktrine.

Målsetjinga til ungdomslaga var ålmennkulturell.

Ein skulle arbeida for opplysning, oppseding, sømeleg og nytig bruk av fritida.

Noregs Ungdomslag vart skipa 1896 for å samla frilynd ungdom mot materialisme, alkohol, uskikkar og pietisme. Dei nasjonale merkesakene fekk ofte liten plass i det vanlege lagsarbeidet. Lokalt var ungdomslaga ein møtestad der medlemene kunne ha det triveleg i

lag om arbeidsoppgåver som førte til personleg vokster og utvikling. Dette er bakgrunnen for framveksten av den frilynde ungdomsrørsla i Kvinnherad.

## Under eige tak i 1902

Tanken om eige hus vakna tidleg i Uskedal Ungdomslag. Det hadde sine vanskar å leiga hjå andre og for eit ungdomslag å halda til i skulen var ofte vanskeleg. Skulestova skulle vaskast før elevane kom mandag morgen. Dessutan var det ulike syn i bygda på om det frilynde ungdomslaget med frie ordskifte, litteraturkveldar og tilreisande talarar skulle få halda til i skulen.

I 1902 laga det seg slik at krinsen fekk ny skule. Ungdomslaget fekk kjøpa den gamle frå 1863. Pengar var det lite av. Axel Lea, ordførar og kasserar i Kvinnherad Sparebank, hadde syn for ungdomslagsarbeidet. Han sytte for at laget fekk låna det som måtte til.

Huset vart flytta tvers over vegen. Anne og Andreas Bjelland gav fri grunn.

12. desember 1902 vart huset vigsla av pastor og seinare prost Nils A. Andersen.

Lars Wang og Andreas Bjelland hadde skrive songar for høvet og huset fekk namnet Helgheim. Det var etter framlegg frå doktor Vangsnes.

I 1927 skipa laget til 25 års høgtid for Helgheim.

I ei helsing skriv Lars Wang:



Helgheim frå 1902. Teikning laga av Lars Wang  
Huset vart flytta i 1934 til Haugland og er i dag forsamlingshuset Vonheim.



Sentrale formenn i laget i perioden 1888- 1938.

Åtte av dei som hadde vore formenn i same perioden, er ikkje med på biletet.

"Så er det 25 år siden Helgheim ble reist. Huset er i grunnen eldre og det knytter seg mange minner til det. For vel 25 år siden stod det nede på skoleplassen. De gamle husker nok skolehuset. Når vi var ferdige med møtene, ryddet vi salen, men ikke til dans enda, så la jentene seg på sine kne og vasket gulvet, for det måtte være rent til mandag da skolen begynte.

Da forholdene lå til rette for det, kjøpte vi så det gamle skolehuset. Vi levet på lån, og etter den tidas pengeverdi kom laget ved kjøp i gjeld langt oppover ørene. Men det var sterke ønske om å bli huseiere. Det var hva man kaller selvstendighetsfølelse, trangen til organisasjon, til samarbeid og samhold. Ingen ville benekte lagsarbeidets betydning. Her i laget kan man finne adspredeelse og hvile fra det daglige slit i forretning, verkstad og gårdsbruk. Her snakkes. Leses og diskuterer. Meninger utveksles. Alt danner grunnlaget for vårt senere livs-

virke, ja, endog for vår sosiale stilling i samfunnet."

## Det nye Helgheim frå 1934

Medlemstalet auka og bygda fekk bruk for større møtehus. Det gamle Helgheim tok ikkje meir enn 150 menneske og dertil var det ikkje matsal. Til matlaging lånte ein skulehuskjellaren. Det var ulagleg med aktivitetar i to hus. Laget emna på nytt hus eller utviding av det gamle. Medlem i byggjenemnda, Lars P. Haugland, skreiv ei fyldig utgreiing.

I framstillinga kjem det fram at det var ulike syn. Nokre ville ha ei utviding med kjellar under det ein hadde. Så fekk ein greia seg med det fram til det laga seg med pengar og betre tider.

Muren vart reist og bygget skulle så sliskast på plass. Huset skulle så utvidast i lengde og breidde. Men når folk fekk sjå dei svære murane, tykte dei det var underleg om ein så skulle setja det gamle

bygget oppå desse murane.

No lukkast det å få kjøpar til det gamle Helgheim. Haugland og Musland krins trong forsamlingshus og dermed fann ein ei løysing. Helgheim vart flytta til Haugland og fekk namnet Vonheim.

Med lån i Kvinnhersbanken på 4500 kroner, pant i huset og garantistar var finansieringa sikra.

Nemnda vende seg til ingeniør Meidel og bad han hjelpa med teikningar og utrekningar. Det var ikkje like enkelt å teikna eit tidhøveleg hus når murane alt var på plass.

Så var det ulike syn på byggjemåten, anten tømra eller eit peila bygg.

Etter folkemøte var det fleirtal for at ungdomshuset skulle peilast.

Med bakgrunn i fleire pristilbod vart det til at alle glas vart leverte av Uskedal dør- og vindusfabrikk. All trelast kom frå Uskedal Trelastlager.

Handverkarane var Johannes Wang, Abel Eik, Samson Eik og Nils Eik.

Det vart elles utført kring 600 friviljuge dagsverk.

11. mars 1934 vart huset vigsla med tale av skuledirektør Knut Markus.

Dei tok i arv det gamle namnet Helgheim

## Påbygg og renovering

Seinare har laget utført mykje arbeid for å få huset i den stand det bør vera.

Tidleg på 1960-talet vart det kjøpt inn nye stolar, lagt nytt golv, laga større sceneopning og fornya kjøkken og matsal. Med ny og større garderobe og vassklosett fekk Helgheim ein god standard på den tida.

Fram mot 1970 var det stor aktivitet i huset med festar, lagsmøte, brudlaup, basarar, vareutstillingar,



Koppar og fat med inskripsjon høyer ungdomshusa til. Merk deg Uskedalen skriven med genetivs s. Lagsnamnet er Uskedal Ungdomslag

dansar og øvingar av ulike slag. I ein 20-års periode hadde naboane Margrete og Selmer Hansen arbeidet med vask og tilsyn.

På denne tida var det planar om eit større Helgheim. Ungdomslaget fekk kjøpa grunn av Liv Kolltveit og tanken var å utvida med større scene og festsal. Huset låg trøngt til og tett ved riksvegen. Eit større forsamlingshus i bygda trøngt til på eit større areal, og planane vart skrinlagde.

Folketalet auka i bygda og etter

kvart vart Helgheim for lite for større tilskipingr.

Huset var på nytt nedslite og trøng oppussing. Romløysinga og utstyr i huset stetta ikkje krava til sanitæranlegg, rullestolinngang og eit meir moderne kjøkken.

Årsmøtet i 1982 påla styret å laga ein plan for modernisering av Helgheim.

Med innsamla midlar, kommunale tilskot og mykje dugnad vart det utført ei stor renovering med nytt kjøkken, lager, handikaptolett, ljósrigg på scenen og oppussa matsal.

Salen oppe vart fornya med nye gardiner og måling. Golvet vart slipt, og vi fekk fram ei vakker trekvit flate.

Etter år 2000 er alle vindauge skifta. Det er montert varmepumper og gjort tiltak for brannsikring og merking av naudutgangar.

Rigmor Rasmussen saman med mange har i lang tid gjort eit trufast arbeid med tilsyn og utleige. Lovise Herland Sunde har i ein 20 års periode vore rekneskapsførar. Eit eige husestyre har brukt tid og krefter på å halda huset i god stand.



Margit og Bjørgulf Eik, to sentrale personar i ungdomslaget si soga. Bjørgulf Eik vart tildelt Kvinnherad kommune sin kulturpris i 1987.

Uskedal Ungdomslag eig Helgheim og er og vil vera ansvarleg for drift og vedlikehald.

Helgheim frå 1902 og det nye lagshuset frå 1934 er borne fram av gode lokale krefter.

Denne soga er langt på veg soga til eit ungdomslag i ei bygd.

Tanken om eige hus og at ideen vart til røyndom med mykje dugnad, gåver, slit og arbeid har vore og er samlande på lagsflokken.

Uskedal Ungdomslag har med Helgheim halde bygda med eit ope forsamlingshus til mange og ulike føremål.

Det kviler eit stort ansvar på dei som kjem etter om å føra ungdomshustradisjonen vidare.

I tillegg til Helgheim eig ungdomslaget hytta Fjelly frå 1917 ved Mannsvatn.



Helgheim i dag. Foto: Ola Matti Mathisen/uskedalen.no.

